



Samferdselsdepartementet

UTKAST

Sognefjellstunnelane - konseptvalutgreiing og statusendring

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal og har i møtet 28.2.2014 vedteke følgjande:

Sogn regionråd viser til omtalen av Sognefjellstunnelane i Nasjonal Transportplan 2014-2023 og Samferdselsdepartementet sin fylkesvise oversikt der følgjande går fram: «Departementet er innstilt på å gjennomføre en konseptvalutgreiing, KVVU, for prosjektet, men dette skal avklaras med fylkeskommunen før arbeidet med KVVU settes i gang.»

I brevet til ordføraren i Luster 13.1.2014 framgår det at Statens vegvesen vurderer å la Sognefjellstunnelane inngå i ei samla vurdering av alle aust-vestsambanda. Vi meiner det er viktig at det blir gjennomført ei konseptvalutgreiing for å få meir kunnskap og få kartlagt alle sider ved dette diagonalsambandet. For å sikra framdrift i planprosessane er det nødvendig at ein eigen KVVU for Sognefjellstunnelane blir gjennomført parallelt med den samla vurderinga av aust-vestsambanda. Ein KVVU for Sognefjellstunnelane er i tråd med Fylkestinget Sogn og Fjordane si fråsegn til NTP.

Sogn regionråd oppmodar Samferdselsdepartementet om å starta ei konseptvalutgreiing om det kortaste ferjefrie heilårssambandet frå Stavanger/Bergen til Trondheim. Sogn regionråd ber om at det vert ei parallell framdrift av dei to utgreiingane og at departementet startar arbeidet med statusendring frå fylkesveg til riksveg for dei aktuelle strekningane frå Sogndal til Lom.

Med helsing
leiar Sogn regionråd

leiar i samferdslegruppa